



Lærer å lese med nettbrett

Skrevet av Administrator 24. oktober 2014



Kombinasjonen av auka motivasjon og fleire opningar for tilpassa læring er to element som går att i internasjonal forskning om inntoget av nettbrett i skulen.

Vil dei fyrste røynslene frå den norske skulekvardagen trekkje i same retning?

Spør du rektor Frode Sømme ved Jong skole, éin av fem prosjektskular i Bærum utanfor Oslo, er svaret tvillaust "ja".

På Jong har fyrsteklassingane skriveopplæring etter STL-metoden ("Skrive seg til lesing"), med eit nettbrett mellom hendene.

- Dei knekkjer lesekoden mykje fortare enn tidlegare kull. Og dei produserer mykje meir tekst enn dei gjorde før. Då lærte 1. klassingane éin bokstav i veka. No lærer dei éin om dagen, seier Sømme.

Elevane lærer å skrive bokstavane på nettbrett. Og når dei trykkjer tasten for bokstaven N, så høyrer dei også uttalen.

- Dei høyrer når dei skriv feil. Særleg for framandspråklege er dette undervisningsopplegget heilt genialt, meiner Sømme - som leier ein skule med 20 prosent framandspråklege.

Høyre eigne feil

Sjølve penneføringa – gamle dagars metode for å knekkje koden – kjem seinare. Når lærar Anne Kirsti Overvåg losar elevane gjennom møtet med bokstaven N, ein månad ut i skuleåret, skriv ho fire ord på tavla som alle har minst éin N, og samlar elevane rundt seg der ho sit med ei korg i fanget. Så trekkjer dei gjenstandar frå korga, lokaliserer N'en i ordet, og ser henne skrive det på tavla. Ho ber dei ta fram nettbrettet og ta bilete av gjenstandar i klasserommet med ein N i seg – før dei lagar tankekart på nettbrettet, med bilete- og lydlenkjer (i appen Kidspiration). Deretter skriv elevane ord med N i programma InToWords eller SkoleSkrift, før dei avsluttar timen med ein presentasjon for resten av klassen.

Alle eller ingen

– Vi hadde ein visjon om at nettbrett ville gje auka læring, auka kunnskap, auka motivasjon og betre klasseleiing. Røynslene etter berre seks vekers bruk er eintydig positive. Elevane spør om dei kan få gjere lekser i helgane, dei er ivrige, og er vortne kjempeflinke på presentasjonar, seier Frode Sømme.

Nettbrett til alle er ei økonomisk utfordring for dei fleste skular, også for Jong. Men for Sømme var det innleiande spørsmålet endå vanskelegare:

– Vil du vere den eleven som har blyant, eller den som har nettbrett? Det var ei håplaus problemstilling. Det måtte bli alle eller ingen, seier Sømme.

Det vart alle.

– Vi hadde ein visjon om at nettbrett ville gje auka læring, auka kunnskap, auka motivasjon og betre klasseleiing. Røynslene etter berre seks vekers bruk er eintydig positive. Elevane spør om dei kan få gjere lekser i helgane, dei er ivrige, og er vortne kjempeflinke på presentasjonar, seier Frode Sømme.

Nettbrett til alle er ei økonomisk utfordring for dei fleste skular, også for Jong. Men for Sømme var det innleiande spørsmålet endå vanskelegare:

– Vil du vere den eleven som har blyant, eller den som har nettbrett? Det var ei håplaus problemstilling. Det måtte bli alle eller ingen, seier Sømme.

Det vart alle.

Bratt kurve

– Det er ein bratt læringskurve for dei som vil ta dette i bruk. Vi leigde inn eit firma for å hjelpe oss med absolutt heile prosessen, frå maskiner til kursing av lærarane. Det var veldig lurt, seier Sømme.

Nettbrettet er framleis nytt i den norske skulekvardagen, men frå forskning og evaluering finst ein del punkt som er relevante i vurderinga av verdien av bretta:

- Fleire studiar (i Skottland, Australia, Sverige) viser at bruk av nettbrett aukar elevane sin motivasjon og fører til meir aktivt engasjement i læringa til elevane.
-
- Meir spesifikt viser studiane at det aukar samarbeidet mellom elevar og at læringa blir meir eigeninitiert. Dette førte til at læraren planla og tilpassa betre for å møte den enkelte elevens behov.
-

- I Finland forklarer ein gode PISA-testar blant anna med at ein har møtt dei yngste elevane sine behov for å få tilpassa undervisninga tidleg. Der har 80 prosent av elevane behov for tilpassa opplæring i 1. klasse på grunn av ulikt modningsnivå. Riktig brukt kan bretta vere eit godt verktøy for å tilpasse undervisninga betre for den enkelte eleven.

Kilder

iPad Scotland Evaluation (av Kevin Burden, Paul Hopkins, Dr Trevor Male, Dr Stewart Martin og Christine Trala, Faculty of Education, The University of Hull, 2012).

[Utvärdering av iPad-satsning i Stockholms stad \[1\]](#) (av Jan Hylén, 2013).

[Nordic Journal for Digital Literacy \(1/2014\) \[2\]](#).
